

09.11.2022

Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

[post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

Org.nr. 977 275 490

Kontonr. 2085 07 15190

Til Familie- og Kulturkomiteen  
[familie-kultur@stortinget.no](mailto:familie-kultur@stortinget.no)

## Innspel til arbeidet med Statsbudsjettet 2023

Studieforbundet har motteke forslag til statsbudsjett og er godt er godt tilfredse med Regjeringa sitt forslag om å vidareføre tilskot til studieforbunda på same nivå som i 2022, med prisjustering. Vi set pris på at frivillig sektor er løfta fram som sjølvstendig og sterkt, og med gode vilkår for å inkludere fleire og skape aktivitet i heile landet.

Likevel, vi har nokre bekymringar:

### Grunntilskot

Grunntilskotet til studieforbunda, som i realiteten er administrasjonstilskot, blir tildelt etter ein trappestegsmodell. Fleire av studieforbunda kjem nå i andre kategoriar, der dei fell attende – dette som fylgje av pandemi og nedgang i kursaktivitet. Vi ber komiteen passe på at dette ikkje får utilsikta konsekvensar for studieforbunda. Vi ber og om at grunntilskotet blir prisjustert.

### Digitale timer

Gjennom pandemien har studieforbunda og det frivilligefeltet vist seg å vere svært tilpassingsdyktige og har gjort eit kvantesprang knytt til å få folk på digitale flater. Mykje arbeid og opplæring er flytta til digitale plattformar og vi har dessverre dårlege signal frå departementet om å få vidareført endringane i forskrifter som gjer det mogleg for oss å halde heildigitale kurs. Vi ber om at departementet sikrar at studieforbunda får dei same arbeidsvilkåra som andre opplæringstilbydarar.

### Tilretteleggingstilskot

Tilretteleggingstilskotet har eit lite tilpassa regelverk som meir hemmar enn det fremmar moglegheitene det frivillige har til å invitere personar i eit utanforskap inn i kursa våre. Ein prosess var sett i gang for å endre på dette, som dessverre ser ut som er skrinlagt. For studieforbunda er dette svært uheldig, og vi ber komiteen passe på at denne prosessen går sin gang.

### Tilskot til Vofo

Tilskotet til Vofo er ikkje gjeve prisregulering. Det reagerer studieforbunda på. Vofo er ein svært viktig organisasjon for oss, både i den daglege drifta vår og som samordnande organ. Særleg erfarte vi dette under pandemien, men ikkje minst under den krevjande tida med ny lov og fordeling på to departement. Vofo er ein svært viktig paraply for å sikre utvikling på feltet vårt. Vi ber komiteen sjå på moglegheitene for å få prisjustert også tilskotet til Vofo.



Vågå 9.11.2022

Kjærsti Gangsø